



# GO MORGON NORDHORDLAND

**TIPS OSS 916 20 916**  
E-post: [redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)



**Trond Roger Nydal**  
Redaktør  
[trond.nydal@nordhordland.no](mailto:trond.nydal@nordhordland.no)  
488 91 138



**Morten Sæle**  
Journalist/fotograf  
[morten.saele@nordhordland.no](mailto:morten.saele@nordhordland.no)  
415 30 179

Kvernhusaugane 12, Knarvik senter - 5914 Isdalstø - Tlf. 56 35 55 55 - [redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no) • Kjem ut onsdag og lørdag

## VI MEINER

# Bør lytte til elevane

I fjor haust var det mykje fokus på den nye skulebruksplanen til Hordaland fylkeskommune. Mange av sakene i media, både i heile fylket og her i Nordhordland, handla om den framtidige skulestrukturen. Austrheim vidaregåande skule var igjen nedleggingstrua og kjempa med nebb og klør for sin eksistens.

**Men linja** Service og samferdsel ved Knarvik vidaregåande skule står framleis i reell fare for å verta lagt ned og flytta til flytta til nye Åsane vidaregåande skule når den ein gang vert bygd. Om lag 60 elevar går på denne linja i Knarvik, som inneber to år på skulebenken før ein blir lærling i ei godkjend lærebedrift.

**I onsdagsavisa** har vi møtt elevar og lærar Heidi Sille Stenhaus på VG2 Transport og Logistikk, som er eit av to alternativ andre skuleåret. Her bør fylkeskommunen, med opplæringsjef Svein Heggheim i spissen, få med seg kva elevane sjølve uttaler, samt leggja vekt på samarbeidet som alt er i dag mellom skule og næringsliv.



**Vi kan berre konstantera at sentraliserings-tanken vinn stadig fram.**

**Elevane tar** linja i forsvar, og fleire av dei er tydeleg på at dei hadde valt andre linjer dersom det ikkje hadde vore for dette tilbudet i Knarvik. Dette fordi avstanden frå stadar som Austrheim, Lindås og Radøy blir for lang for dagleg pendling til Åsane. Elevane tvilar rett og slett på at dei som bur i ytterkantane av Nordhordland finn det interessant å reise heilt til Åsane for å få gå denne linja i framtida.

**Elevar og lærar** håpar no det blir ein omkamp om saka. Det bør lokale politikarar ta til seg og kjempe for i sine fora. Det er ikkje for seint, og eit vedtak no er ikkje hogd i stein. Det har vi tallause bevis på i politikken.

**Opplæringsjef** i fylkeskommunen, Svein Heggheim, er klar i si tale og verkar urokkeleg. Frå fylket sin ståstad handlar saka om å sjå ting i heilskap og at studietilbod må sjåast i samanheng.

**At Knarvik** vidaregåande gjennom mange år har bygd opp eit tett samarbeid med næringslivet i Nordhordland for at dei skal tilby læreplassar verkar heller ikkje å spele noko rolle. Det blir glatt avfeia med at det er «elevane sjølve som har eit ansvar for å skaffe seg læreplass». Det er på grensa til arrogant og respektlaust.

**Her verkar** det som fylkeskommunen legg lite vekt på erfaringar frå dei det gjeld og er mest opptatt av å bygge opp nye Åsane vidaregåande skule. Vi kan berre konstatere at sentraliserings-tanken vinn fram stadig vekk.



**ARBEID:** - Det er altfor mykje arbeidsløyse i Meland. Eg vil gjerne tilsette og få folk i arbeid, seier gründer bak Meland Antirust, Stig Ove Jacobsen. Til høgre: Jan Erik Dale.

**ALLE FOTO: ELISE LØVEREIDE**

## Startar opp ny bedrift på Rosslund

# Skal fjerne rust

**Stig Ove Jacobsen (27)** nyttar olje frå saue-ull til å fjerne rust frå køyretøy. To veker før oppstarten i det nye firmaet, har han allereie fleire i kundar i kø.

ELISE LØVEREIDE  
[redaksjonen@nordhordland.no](mailto:redaksjonen@nordhordland.no)

Om to veker startar Stig Ove Jacobsen opp Meland Antirust AS, tidlegare Meland Sveis og

Overflate. Dette firmaet starta han for to år sidan, etter fleire år som tilsett i RadøyGruppen.

Treverk, billakking, møblar og understellsbehandling. Det er noko av det Jacobsen no utfører på bilar frå regionen.

- Eg er ein altmoglemann i bygda, seier han om seg sjølv.

Det nye med Meland Antirust er at Jacobsen nyttar olje frå saue-ull i staden for behandlinga Tectyl, som er det vanlege middelet mot rust.

- Denne oljen storknar ikkje, og den bevegar seg. Forskjellen

frå Tectyl er at han er billeg, og at ein slepp å sandblåse først.

### Nytt på bil


Ifølge Jacobsen har lanolin, som stoffet heiter, vore nytta i skipsindustrien sidan 1940-talet. Det er relativt nytt å bruke det på bil, men det har blitt nytta i diverse land det siste tiåret.

- Fordelen med det er at det går fortare, og at det kan ligge oppå salt. I staden for tre dagar tar det halvannen time å fjerne rusten, seier Jacobsen.

Men sjølv om han allereie har



**Yngve Garen Svardal**  
Journalist  
yngve.svardal@nordhordland.no  
415 30 177



**Eline Kirkebo**  
Journalist  
eline.kirkebo@nordhordland.no  
413 50 350



**Irene Bratteng Fossheim**  
Journalist  
irene.fossheim@nordhordland.no  
415 30 178

### Skal du annonsere?

Ta kontakt med marknadsavdelinga:

**Kurt Grindheim**  
kurt.grindheim@amedia.no Tlf. 416 12 002

**Roar Kjetil Mikkelsen**  
roar.mikkelsen@nordhordland.no Tlf. 902 00 035

**Torbjørn Dalland**  
torbjorn.dalland@amedia.no Tlf. 902 01 680

Åpningstider mandag til fredag 08.00 - 16.00

Les Nh+ på nett. Registrer deg på nordhordland.no for å få tilgang.



**VENTETID:** - No har eg ei ventetid på ein måned, som er ganske kjapt. Behandlinga går fortare med lanolin, seier Jacobsen.



**GRÜNDER:** Stig Ove Jacobsen (27) er autorisert innan lanolin, olje frå saueull, til bruk på rust. Men han tilbyr også lakkering og måling.

**P**RESSENS FAGLIGE UTVALG  
Nh ønsker å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utval, Rådhusgt. 17, pb.46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf: 22405040, e-post: pfu@np-nr.no.  
Nh tar unna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nh.

**TIPS OSS!**  
**916 20 916**

### Forandringsfabrikken kjem

Lindås kommune har invitert Proffane i Forandringsfabrikken til å snakke om det «Å høyre til», og inviterer no også publikum til Nordhordlandshallen 15. mars.

Forandringsfabrikken lyttar til barn og unge i barnevern, psykisk helsevern og på skular i heile landet. Erfaringane og råda til Forandringsfabrikken bidrar til å gjere systema meir verdige og meir effektive. Barn og unge er proffar på sitt eige liv. Derfor er dei med når Forandringsfabrikken er i møte med rådgjevarar i ulike departement, direktorat og på Stortinget.

Invitasjonen går til ungdom mellom 12 og 20 år, foreldre, tilsette i kommunen eller private bedrifter som jobbar med barn og unge, samt eldsjelder og frivillige organisasjonar.

Målet er å etablere ein møteplass for ungdom og dei som jobbar med ungdom i Lindås kommune. Arrangementet er gratis og ope for alle.

# st frå Vestlandet

100 bilar til bestilling, er folk skeptiske til stoffet, meiner han.

- Det er nytt, og folk synest det er for billeg. Det finst nesten ingen som bruker lanolin på Vestlandet, mens på Austlandet er det brukt ganske mykje.

#### Treng autorisasjon

For å drive med lanolin som antirust, treng ein autorisasjon. Det var Rettedal bilkontroll som gav Jacobsen autorisasjon, og det er også dei som står for importen av oljen - som stort

sett kjem frå USA.

- Ein må ha erfaring, og søke om autorisasjon. Deretter må ein gjennom eit kurs. Vi var tre personar frå Vestlandet som var på kurset rett før jul.

Jacobsen er utdanna bilmekanikar og har vore i lære hjå RadøyGruppen. Han gjekk vidare på måling og sandblåsing.

- Eg følgde interessa mi. Men eg ville alltid starte for meg sjølv, og målet mitt er å kunne tilby fleire arbeidsplassar her i bygda.

#### - Eg hatar rust

No har han ein tilsett i Meland Antirust, men håpar på fleire etter kvart.

- Eg har også nett opna eit venterom, så folk kan sitte og nyte sjøutsikta mens dei ventar på behandlinga, seier han oppglødd.

- **Kvifor ville du jobbe med rustfjerning?**

- Eg hatar rust, seier han og ler.

- Eg likar ikkje at bilar rustar. Vatn, fukt og salt frå klimaet på Vestlandet gjer at bilane her

rustar fortare. Alt som ligg i feitt rustar ikkje, fordi oljen lukkar for oksygen og vatn.

Ulempa med lanolin er at garantien ikkje alltid varer like lenge som med Tectyl. Ifølge Jacobsen er garantien for lanolin minst to år, mens Tectyl har ei levetid på eitt til ti år.

Lanolin er til gjengjeld billigare.

- Ingen vil ha rust på bilen, men ingen vil betale for å fjerne det heller, seier han.

www.ladanse.no



boutique  
**la Danse**

www.ladanse.no  
Tlf 22 20 91 22